

Konfirmantane samla inn nesten 9.000

31.03.2009



Ni konfirmantar gjorde ein kjempeinnsats og samla inn 8.883 kroner på under to timer tysdag kveld. Den årlege fasteaksjonen bekrefta med andre ord til fulle at uskedelingane er rause under basarar og innsamlingar. Føremålet var denne gongen å hjelpa dei som lider under klima-endringane sør på kloden vår. Det var soknerådet som leia innsamlinga.

Konfirmantkullet i fjor samla rett nok inn over 11.000 under den tilsvarende aksjonen, men då var dei dobbelt så mange.

Og det er berre to dagar sidan basaren til skulemusikken gav eit rekord-resultat på over 41.000 kroner!

På biletet over er Rosemarie Andersen og Lene Storevik Myklebust klare for innsamling medan Erlend Olsen Haugland, Hallvard Lomheim Døssland, Maria Legland, Synnøve Bringedal og Anette Musland er på veg ut under. Joachim Hauge og Martin Myklebust er ikkje med på biletet, men deltok også i innsamlinga.

Konfirmantane fortel at dei vart mottekte på ein positiv måte og fleire av gjevarane kvitterer med å gje konfirmantane attest for å ha vore takksame og høflege.

Av Ola Matti Mathisen

